



Sakliste og saksdokument for årsmøte i Sunnmørsk Klatreklubb 2023

Tidspunkt: 28. mars 2023, 19:00-21:00

Stad: Ivar Aasen-tunet

Saksliste:

1. Godkjenne røystehavarane.
2. Godkjenne innkallinga, saklista og forretningsorden.
3. Velje dirigent, referent, samt to medlemmer til å underskrive protokollen.
4. Behandle idrettslagets årsmelding
5. Behandle idrettslagets rekneskap i revidert stand.
6. Behandle forslag og saker.
 - A) Bolteetikk og retningslinjer for utdeling av boltemateriell
 - B) Formålsdokument for inneveggane som SKK disponerer
 - C) 50-års jubileum for SKK i 2024
7. Fastsette medlemskontingent
8. Orientering om klubbens budsjett.
9. Val

Med venleg helsing
Styret

SAK 1: GODKJENNE RØYSTEHAVARANE

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner røystehavarane

BAKGRUNN

For å ha røysterett må medlemmet ha fylt 15 år, vore medlem av idrettslaget i minst éin månad, og ha betalt medlemskontingenten. Medlemmar under 15 år har møte- og forslagsrett.

SAK 2: GODKJENNE INNKALLINGA, SAKSLISTE OG FORRETNINGSORDEN

Forslag til vedtak

Årsmøtet godkjenner innkalling, saksliste og forretningsorden

FORRETNINGSORDEN:

1. Årsmøtet blir leia av valgt dirigent.
2. Protokollen førast av referent.
3. Alle som er registrert som medlemmer ved årsmøtetidspunktet har talerett.
4. Alle som har betalt medlemskontingent for 2020 og har vore medlem i minst 1 månad har stemmerett, jmf. §5 i vedtektene.
5. Alle med talerett får ordet maks 3 gongar i same sak. Taletida blir satt til 3 min. første gang og 1 min. andre og tredje gang.
6. Representantar som forlanger ordet til forretningsorden har 1 min. taletid.
7. Alle forslag til vedtak må leverast skriftleg til dirigenten, og vere underteikna med klubbens og representantens namn. Tidlegare forslag kan ikkje trekkast tilbake og nye forslag kan ikkje settast fram etter at strek er satt, eller at saka er teken opp til votering. Forslag kan berre fremjast i saker som står på sakslista.
8. Med unntak av lovendringar avgjerast alle vedtak og val ved fleirtal av dei avgitte stemmene. Blanke stemmesetlar tel ikkje, og stemmene reknast som ikkje avgitt.
9. I protokollen førast det inn kven som har hatt ord i sakene, forslag og vedtak med antall stemmer for og imot.
10. Det er berre førehandsinnmeldte kandidatar som kan stemmast inn i verv.

SAK 3: VELJE DIRIGENT, REFERENT, SAMT TO MEDLEMMER TIL Å UNDERSKRIVE PROTOKOLLEN

Styret sitt forslag til vedtak: Årsmøtet vel dirigent (styreleiar), referent (driftskoordinator), samt to av røystehavarane til å underskrive protokollen (forslag frå salen)

Sak 4: BEHANDLE ÅRSMELDINGA FOR 2021

Styreleiar legg fram årsmeldinga for 2022

[Årsmelding 2022](#)

Forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsmeldinga

SAK 5: BEHANDLE KLUBBENS ÅRSOPPGJER

Styret legg fram årsrekneskapen for 2022.

[Årsoppgjer](#)

[Resultatrapport 2022](#)

Styret sitt forslag til vedtak: Årsmøtet godkjenner årsrekneskapen for 2022

SAK 6 : INNKOMNE SAKER

Sak 6A: Bolteetikk og retningslinjer for utdeling av boltemateriell. - Martin innleiar saka

Styret legg fram forslag til utviding av eksisterande retningslinjer samt at vidare revisjon av dokumentet delegerast til styret.

BAKGRUNN: Årsmøtet til SKK vedtok i 2015 dokumentet [“Retningslinjer for boreboltar og andre faste forankringar”](#)

Etter ei tid kom det ynskje frå bolteansvarleg om tydlegare retningslinjer for utdeling av utstyr i samband med nybolting. Styret har etter dette formelt utpeika Tommy Rätty til bolteansvarleg. Driftskoordinator har i samarbeid

med styret utforma følgande forslag til tillegg i boltereglementet, handsama på styremøte 3-2022, i sak 39/22: "Bolteetikk og retningslinjer for utdeling av boltemateriell". Styret ynskjer å slå saman vedtaket i denne saka med det eksisterande

reglementet, slik at det vert meir overiktleg. Både tillegget og eksisterande dokument byggjer på, og er i samsvar med "[Klatrefelthåndboka](#)", utforma av NKF (2022).

Styret sitt forslag til vedtak: *Årsmøtet vedtek å implementere dei nummererte forslaga 11-15 i vedlagt dokument "[Utrag frå referat, Styremøte 3-2022, sak 39/22 Bolteetikk og retningslinjer for utdeling av bolteutstyr og materiell](#)", i dokumentet "[Retningslinjer for boreboltar og andre faste forankringar](#)". Vidare endringar av reglementet delegerast til styret.*

SAK 6B Formålsdokument for inneveggane som SKK disponerer. -Daniel innleiar saka

BAKGRUNN:

Saka vart fremja av eit medlem på årsmøtet i 2022. Vedtaket vart følgande etter framlegg frå Tore L. og Daniel G:

*Styret utarbeider eit formålsdokument for inneareala til Sunnmørsk Klatreklubb.
Formålsdokumentet skal ta utgangspunkt i §2 i klubben sine vedtekter.
Formålsdokumentet skal leggjast fram for årsmøtet 2023.*

Styret legg her fram forslag til [Formålsdokument for inneveggane som SKK disponerer.](#)

Styret sitt forslag til vedtak: *Årsmøtet vedtek vedlagte formålsdokument.*

[-Forhåndsmeldt innlegg fra Thomas Kleinrath](#)

SAK 6C 50-års jubileum for SKK i 2024 - Eskild er saksinnleiar

SKK fyller 50 år i 2024 og i den anledning bør klubben feire seg sjølv med eit eller fleire arrangement. Dette kan vere til dømes foredrag, gallamiddag, konkurranser eller festival.

Styret sitt forslag til vedtak: *Årsmøtet drøftar om dei ynskjer ei jubileumsmarkering og oppnemner ein komite som skal planlegge og arrangere 50-års jubileum for SKK i 2024 dersom dette er aktuelt.*

SAK 7: FASTSETTE MEDLEMSKONTIGENT OG TRENINGSAVGIFT

Styret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet vedtek å halde medlemskontigenten på kroner 200,- uendra for 2024.

Treningsavgiftene står uendra for 2024.

Sak 8: ORIENTERING OM BUDSJETTET FOR 2023

Styret sitt forslag til vedtak:

Årsmøtet tek budsjettet for 2023 til vitande.

SAK 9: VAL

- 1) styremedlemar
- 2) leiar
- 3) val av valkomité (to medlemar og eitt varamedlem)
- 4) val av kontrollkomité (to valgbare medlemar som ikkje sit i styret)

[Styret si bestilling til valkomiteen](#)

[Valomiteen si innstilling](#)